

Fra: Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

Sendt: 13.12.2020 14:00:23

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til fylkesordføreren på FT 15.012.20

Vedlegg:

KrF har ved eit par høve (seinast 11.03.20) teke opp spørsmålet kring ungdomskort og plassbestilling på snøggått. Slik det er no kan ikkje elevar (hybelbuarar) som nyttar båten til/frå vidaregåandeskule vere trygge på få plass heim ein fredagskveld eller tilbake søndagskveld, slik at dei når skulen mandag. Dvs. dei får det viss dei betaler fullpris og ikkje nyttar ungdomskortet. For å vise kva dette betyr i pengar: Ein elev frå Gulen som går i Måløy betaler kr. 1012,00 t/r. Ungdomskortet kostar 375,00 for ein måned.

For enkelte elevar betyr dette rett og slett at dei td i helger før jul eller når det er mykje trafikk, ikkje tør å reise heim med båten.

Svaret frå fylket har vore at både Skyss og operatør er bekymra for "no-show". Med det meiner ein at kundar med reservert plass ikkje dukkar opp til avgangen dei har reservert plass på. I dei tilfella der ein har avgangar med stor etterspørsel, fører dette til tapte inntekter for operatørar på nettokontraktar, sidan dei elles kunne seld billetten til ein annan, ofte til vaksen pris. I dette ligg det etter mi meining ein sterk og ungrunna mistillit til ungdomane.

I svaret 11.03.20 til SAMO seier administrasjonen at det er planlagt eit møte med operatør for å diskutere problemstillinga.

Spørsmål:

Har dette møte vore, og kva kom ut av det?

Er ordninga endra, slik at elevar kan nytte ungdomskortet utan å vere redde for å stå att på kaia?

Om ikkje; Vil fylkesordføreren følgje opp saka, slik at ho vert løyst til beste for ungdomane?

Trude Brosvik

KrF